

Nyborg skyttarlag
v/ Jørgen Virkesdal

Dalsøyra 24.10.83.

Korrespondanseskyting.

Nyborg skyttarlag innbyr med dette dei andre laga i samlaget til å delta i korrespondanseskyting på 15 m miniatyr.

Lagskyting: Me vil leggja opp konkurransen som lagskyting med 4-mannslag der alle 4 tel med. Konkurransen skal vera ein serie (som i fotball), der alle laga møter alle ein gong i løpet av sesongen. Kvart lag skyt ein konkurranse for veka, og vekedagen står dei fritt til å velja. Det vinnande laget får 3 poeng, uavgjort gjev 2 poeng til kvart lag, og tap 1 poeng. Ikkje fullført gjev 0 poeng.

To seriar: Det blir ein serie for junior/rekrutt-skyttarar og ein for skyttarar i klasse 1 - 4. For jun/rek. skal begge klassane vera representerte på éit lag.

Kvart skyttarlag har høve til å melde på fleire lag i begge seriane. Same skyttar kan ikkje skyta på meir enn eitt lag same veka.

Tidsrom: Det er meininga å koma 1 gang i veke 1 i 1984, og avslutta seriane før påske. Skulle det melde seg mange nok lag, vil me dela seriane i to avdelingar. Blir det få lag, kan det bli to konkurransar mellom laga i same tidsromet.

Program : Alle skyt vanlege prøveskot: 3 + 1 + 1.
Klasse 1 - 4 skyt 10 ståande + 10 kne.
Klasse junior skyt 10 kne + 10 ligg.
Klasse rekrutt skyt 20 ligg.

Det skal skytast 2 skot i kvar blink for å spare skiver. Ved feilskyting gjeld reglane til D.F.S.

Kontroll: Skytinga skal føregå på stempla og numererte skiver som dei påmelde laga får tilsendt saman med konkurranseoppsetjinga. Skyttaren signerar skiva si etter skyting. Laga tolkar skivene sjølve, og sender resultatata til oss: Nyborg skyttarlag v/ Jørgen Virkesdal, 5960 Dalsøyra. Skivene må takast vare på, og kan forlangast framlagde av Nyborg skyttarlag, enten som stikkprøve eller om det skulle oppstå tvil.

Resultata av skytinga må vera postlagde og stempla seinast måndag i veka etter ei skyting.

Innskot :

For kvart lag som blir påmeldt til denne skytinga, betalar skyttarlaga kr 150. Me ser gjerne at de nyttar vårt postgironummer : 3 77 07 73

Av dette innskotet er 90 kroner arrangementsavgift som skal dekkja porto, telefonar, skiver o.l.

Premiering:

Resten av innskotet vil bli brukt til ein premie til vinnande lag i kvar serie.

Viser det seg å vera interesse for denne skytinga, vil me og prøva å skaffa vandrepremiar til vinnarane.

Kontaktperson:

Kvart lag oppnemner ein kontaktperson som det er råd å treffa på telefon. Oppgje også telefonnummer. Vår kontaktperson er:

Jørgen Virkesdal, tlf. privat Dalsøyra 49

(og Dalsøyra 36 i skuletida).

Vår kontaktperson vil syta for å halda lokalavisene orienterte om resultata frå veke til veke.

Det er mange ting i dette opplegget som kan gjerast annleis, og kanskje mykje betre. Men me har ikkje tid til nokon høyringsrunde no, om me skal koma i gang i vinter. Forslag til endring av opplegget tek me gjerne mot når me er komne gjennom serien påsketider. Så får me eventuelt revidera opplegget før ein ny sesong.

Påmeldingsfrist : 8. desember.

Vel møtt til serie i korrespondanseskyting mellom skyttarlaga i Sogn ytre i vinter.

For Nyborg skyttarlag

Jørgen Virkesdal